
Saknr: 2020/44342-2
Saksbehandlar: Ingvar Skeie

Saksgang

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Hovudutval for samferdsel og mobilitet		13.05.2020
Hovudutval for opplæring og kompetanse		13.05.2020
Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon		14.05.2020
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		19.05.2020

Økonomiplan 2021-2024 - drifts- og investeringsrammer

Forslag til innstilling

Hovudutvalet viser til vedlagde Arbeidsdokument 2/20 til Finansutvalet sitt møte 28. mai.

Hovudutvalet har følgjande innspel til drifts- og investeringsrammene i utkastet til økonomiplan 2021-2024:

Samandrag

Fylkestinget skal vedta økonomiplan 2021-2024 i juni. Økonomiplanen gjev rammene for årsbudsjett 2021. Før økonomiplanen skal handsamast av finansutval, fylkesutval og fylkesting, vert hovudutvala bedne om å kome med innspel.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen
Fylkesdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Arbeidsdokument 2/20 Økonomiplan 2021-2024
- 2 Moglege løysingar for Laksevåg og Bergen maritime vgs og Fagskulen i Hordaland
- 3 Opplæringsfartøy Måløy vgs

Saksutgreiing

Fylkesrådmannen har utarbeidd arbeidsdokument 2/20 til finansutvalet sitt møte 28. mai. Arbeidsdokumentet ligg ved denne saka. Dokumentet er eit prosessdokument til bruk i finansutvalet sitt arbeid med budsjett og økonomiplan gjennom året.

Arbeidsdokumentet er inndelt i ein investeringsdel og ein driftsdel. Dokumentet er fylkesrådmannen sitt utgangspunkt for budsjettprosessen som vert innleia med handsaminga i hovudutvala.

Investeringsdel

Fylkesrådmannen ber hovudutvala gje innspel til utkastet til investeringsprogram.

Det går fram av dokumentet at fylkesrådmannen med bakgrunn i vedtak om at lånegjelda skal haldast innanfor ei grense på 115 % av driftsinntektene, viser til moglege endringar i investeringsbudsjettet.

Hovudutvala sine innspel til investeringsprogrammet vert lagt fram i finansutvalet sitt møte 28. mai. Investeringsprogrammet skal handsamast i fylkestinget 9. juni. I samband med budsjetthandsaminga i desember vert investeringsprogrammet oppdatert og endeleg vedteke.

Driftsdel

Fylkesrådmannen ber vidare hovudutvala gje innspel til utgangspunktet for fordeling av driftsreduksjonen mellom sektorane.

Fylkestinget vedtok i budsjett 2020/økonomiplan 2020-2023 i desember 2019 ein driftsreduksjon i sektorbudsjetta på 100 mill. kr årleg i økonomiplanperioden. I arbeidsdokumentet viser fylkesrådmannen eit utgangspunkt for fordeling av innsparingssummen mellom dei ulike sektorane.

Hovudutvala sine merknader til driftsdelen vert lagt fram i finansutvalet sitt møte 28. mai. Økonomiplanen skal handsamast i fylkestinget 9. juni. Rammene i økonomiplanen legg utgangspunktet for budsjettprosessen fram til endeleg budsjettvedtak på fylkestinget i desember.

Vidare prosess

Fylkesrådmannen legg opp til vidare prosess slik:

- Finansutvalet 18. juni: Plan og første utkast til tiltak for saldering av driftsbudsjettet.
- Hovudutvalsmøta i september: Fordeling av sektorbudsjett på løyingsnivå
- Finansutvalet i september: Gjennomgang av aktuelle salderingstiltak og samordning av sektorbudsjetta
- Finansutvalet i november: Budsjettinnstilling til fylkesutval
- Hovudutvala i november: Handsaming av budsjettinnstillinga
- Fylkesutval i november: Budsjettinnstilling til fylkestinget
- Fylkestinget i desember: Budsjettvedtak - Budsjett 2021/Økonomiplan 2021-2024